



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 07.03.2016
Vår ref.: 2014/24367-6
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Skifest på Oset Høyfjellshotell 12-15.april 2016

Hei

Hordaland fylkeskommune har dei siste åra jobba med å forankre Vinterfestivalen i Myrkdalen for å etablere eit tilbod i Hordaland. Det er eit mål at desse tilboda skal forankrast i kommunane. Desse skal vidare samarbeide med lokale og private aktørar og på tvers i kommunen. Målet er å skape medverknad og meirverdi i lokalmiljøet som styrkar arbeidet både mot denne målgruppa, men også i høve anna aktivitetsutvikling. Ein av strategiane til Hordaland fylkeskommune er å utvikle regionane og skape gode møteplassar og tilbod lokalt i fylket.

Det er flott at det er så mange som er påmeldt til aktivitetsveka på Golsfjellet. Vi veit at mange har gode minner frå tidlegare arrangement der, og det er sikkert populært å få tilbod om å kome dit igjen. Det er truleg ikkje trong for mange like tilbod i same fylke, då vi veit at økonomi ofte set grensene for deltaking. Tilbodet frå Oset er vesentleg rimelegare enn det Myrkdalen kan tilby. Hordaland fylkeskommune har arrangert Vinteraktivitetsveke i over 20 år, og det er beklageleg at tilbodet frå Oset ikkje vert kommunisert og i tillegg vert lagt til same veka som festivalen i Myrkdalen.

Voss kommune, fylkeskommunen og lokale samarbeidspartar som t.d. vidaregåande skular, ulike kulturinstitusjonar o.l. har laga gode program og etablert gode samarbeid for utviklinga av festivalen. I år ser det ut som vi må avlyse arrangementet. Myrkdalen kan ikkje møte det rimelege alternativet på Oset, og det er tvilsamt om det vert ei vidareføring av festivalen.

Lukke til med arrangementet på Oset.

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.